

## Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO<sub>2</sub> til handsaming av drikkevatt

*Av Karl-Jan Erstad, Rådgivande Agronomar AS  
Korssund 2020-10-21 (Web-møte)*

### Introduksjon

Det vart naturlegvis eit Web-møte i desse tider, men Den tyske kalkforeininga var like fullt 21. oktober d.å. vertskap for det 35. møtet i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO<sub>2</sub>) under Arbeidsgruppe 9 i CEN sin tekniske komité 164 for handsaming av drikkevatt.

Sekretær Dr. Hans-Michael Schiffner (D) ønskte, saman med Mr. Hans-Günter Brendl (D) som leiar, velkommen. Det møtte 8 ekspertar, og desse representerte Tyskland, Sveits, Belgia/Frankrike, Storbritannia og Noreg. Mr. Matthew Austin, Singleton Birch Ltd. (UK) var påtroppande ekspert etter Dr. Christopher R. Meyer frå same kalkfirma. Harald Scheel (D) frå OMYA kom også inn som ny delegat. Under-teikna møtte for Noreg.

Sekretariatet i WG9, AFNOR i Paris, som altså har ansvaret for heile kjemikalieområdet, var også til stades ved dette møtet. Det vart av sekretær Mr. Antoine Gaussorgues (F) lagt fram referanseliste og status for vårt smalare, spesielle produktområde.

### AFNOR – aktive arbeidstema og dato for revisjonar

EN 1017 Halvbrent dolomitt har hatt status som førebels arbeidstema (PWI) sidan juni 2019, og må vere aktivert innan 14. juli 2022, og helst før.

TG5-ekspertane påpeikte at arbeidet har vist at ein nøyer seg med å bygge Forbetringsdokumentet A1 (Amendment A1) inn i hovudstandarden til ein sams, konsolidert standard, og så kan denne straks gå til Teknisk høyring (CEN enquiry).

Når det gjeld EN 12518:2014 Kalsinerte kalkprodukt, vert det no, etter avslutta Teknisk høyring med påfølgande oversending til CCMC (CEN sentralt), ny systematisk revisjon i 2025.

Vedrørande EN 16409:2013 Brentdolomitt (til mineralisering av avsalta sjøvatt) vart dokumentet denne sommaren 2020 stadfesta oppdatert og revidert, og det vert like så ny, systematisk revisjon i 2025.

prEN 1018 Kalsiumkarbonat, etter nyleg gjennomført Teknisk høyring, må til CCMC før 24. mars 2021. Den reviderte standarden går til godkjenning etter foreinkla prosess utan Formell røysting (FV), fordi endringane var små og utan vesentlege innvendingar frå medlemslanda.

Sirkulasjon av første utkast av prEN 936 Karbondioksid må vere på plass før 28. februar 2021. Men sjølv det reviderte standardforslaget er alt klart, og prosessen er framskriden.

### Revisjon av EN 1018 Kalsiumkarbonat – merknader ved Teknisk høyring

Merknadane frå Teknisk høyring vart drøfta.

Tyskland stilte spørsmål om grunnen til endringane som førte til kjemisk likestilling av porøs og ikkje-porøs kalsiumkarbonat. Det vart svart tilbake frå dette møtet at det var resultat av framlegg frå leverandørar av porøs kalsiumkarbonat, og dette var akseptert som ei rettvis jamstelling i ein marknad.

Eit tsjekkisk framlegg om levering berre i sekkeformat eller i konteinrarar vart avvist. Dette må regulerast nasjonalt med basis i HMT-forskrifter for materiale klassifisert som næringsmiddel, og på grunnlag av risikovurdering på nasjonalt plan. Transportmåtane er også så forskjellige, som t.d. nødvendig transport i bulk-skip der sjøtransport er det aktuelle. Og både tankbilar og planbilar, det siste eventuelt med overdekking, er også aktuelle transportmåtar som vidtgående må tilpassast forhold i dei enkelte landa.

### Revisjon av EN 12518 Kalsinert kalsiumkarbonat – merknader ved Teknisk høyring

Under Teknisk røysting hos medlemslanda om trong for eventuell revisjon var det berre merknader frå Sverige, som meinte at klasse 1 (av 3 klasser) hadde for slakke krav til CaO-nivå. Sverige meinte at denne klassa var det muleg å vere strengare med, men TG5 viste til at dei gitte krava var resultat av ein prosess og eit kom-

promiss i Europa over 20 år. Brentkalkindustrien var så mangslungen når det galdt tilgang på eigna råstoff for kalsinering, og attpåtil i eit land som Tyskland har styresmaktene (Miljødepartementet UBA i Berlin) godkjent berre klasse 1 for alle kjemikalie i bruk i dette landet.

Produktgruppa, som også kunne vere representert gjennom ein liten marknad og få produsentar som var geografisk spreidd, var i ein følsam og sårbar situasjon. Samfunnet vil vere lite tent med at godkjente produkt vil kunne verte vanskeleg eller kostbart tilgjengeleg ved lange transportar.

### Revisjon av EN 14069 Kalsinert dolomitt (Dolime)

Nokre mindre endringar hadde vorte vurdert nødvendige under det overordna WG9-møtet i mai 2020. Dei vart raskt gjennomført, og standarden stadfesta av CCMC hos CEN i Brussel denne sommaren.

### Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart inntil vidare fastsett til onsdag 20. oktober 2021 hos Den tyske kalkforeininga i Köln, med håp om at fysisk møte vert muleg. Det vert etter det planlagde møtet på WG9-nivå i mai 2021, og som skal gi vidare føringar for arbeidet i dei spesialiserte oppdragsgruppene.